



Saksbehandlar: Geir Afdal, Bygge- og eigedomstenesta  
Sak nr.: 17/6138-1

## Kjøp av garden Nyheim i Aurland

**Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkesutvalet/fylkestinget godkjenner at fylkeskommunen kjøper garden Nyheim, gnr 12/5 i Aurland kommune frå Anne Schei Nyheim for takst, pålydande 1,6 mill. kr. I tillegg kjem salskostnader og utgifter til opprusting av gardshuset, samla 650.000,- kr.
2. Det vert løyvd 2,25 mill. kr. til føremålet som vert finansiert av kapitalfondet.
3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjennomføre kjøpet.

### **Vedlegg:**

- Kartutsnitt Nyheim og SJH fylkesatlas
- Kartutsnitt og arealstatistikk Nyheim NIBIO
- Notat om kjøp av garden Nyheim v/rektor SJH Aksel Hugo
- Landbruksstakst utarbeida av Førde Takstkontor AS
- Utdrag side 9 i planprogram lokalisering ny barnehage i Aurland
- Referat frå møte med Aurland kommune om framtidig barnehageplassering den 28.06.2017

### **Andre relevante dokument i saka:**

- Planprogram lokalisering ny barnehage i Aurland
- Vedtak kommunestyresak 67/14 planprogram lokalisering ny barnehage i Aurland
- Vedtak kommunestyresak 39/17 ny barnehage i Aurland – val av plassering
- Utgreiing lokalisering ny barnehage i Aurland Asplan Viak AS

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Bakgrunn for saka**

Eigar av garden Nyheim i Aurland, Anne Schei Nyheim, har teke kontakt med rektor ved Sogn Jord- og Hagebruksskule(SJH) med ynskje om å selje garden til jordbrukskulen. SJH har leigd/pakta og drive jordbruksarealet på Nyheim sidan 1965 og ynskjer at fylkeskommunen skal erverve dette arealet som tilleggsareal til skulen og gardsdrifta.

### **2. Status og vurderingar**

#### Om garden Nyheim

SJH har i over 50 år leigd/pakta garden Nyheim som ligg like ved innkøyringa til Lærdalstunnelen i Aurland kommune. Tidlegare eigar av garden, onkel til noverande eigar, hadde eit nært forhold til SJH og ynskte heilt til det siste at Nyheim skulle verte ein del av jordbrukskulen. Noverande eigar har same tankane og har difor gjeve SJH og fylkeskommunen

tilbodet om å kjøpe garden for verdi fastsett i takst av 23.01.2017 til 1,6 mill. kr. I tillegg kjem salskostnader (om lag 50.000,- kr).

Garden har vorte eit viktig tilleggsareal til SJH og har vore nytta til forproduksjon, potet- og grønsakproduksjon og ikkje minst vår- og haustbeite til dyra. Rektor har gjort greie for dette i eit eige notat som ligg ved saka.

Nyheim har 23,6 dekar dyrka mark som i hovudsak utgjer landbruksverdien på garden. Sjå vedlagt kartutsnitt og arealstatestikk Nyheim NIBIO. Bruket har også 5,8 dekar innmarksbeite, noko utmark samt stølsrett og jaktrett i fjellet. Det siste i fellesareal med gardane Lunde, Fossheim og SJH.

Huset på garden er relativt lite, om lag 89 m<sup>2</sup> BTA. Det vart i 2002 føreteke noko opprusting utvendig, men innvendig er det relativt enkel standard. Det er t.d. ikkje skikkeleg bad eller kjøkken i huset, så slik tilstanden er no, kan det ikkje leigast ut til bustadføremål på vanleg måte. Ved eit ev kjøp må det såleis pårekna ein del kostnader til opprusting/rehabilitering, førebels vurdert til å koste om lag 600.000,- kr.

Huset har i det siste vore og vil inntil vidare, vere utleidt til Laila Kvellestad som jobbar med nærings- og kulturarvprosjekt i Aurland. Ved eit ev kjøp vil vi kunne vurdere ulike utleigeformer, men det er naturleg først å tenkje på elevar og tilsette ved SJH. Dette vil kunne verte eit godt supplement til dagens utleiehusvære ved SJH, der alder og vedlikehaldsbehov på nokre av husværa nærmar seg eit nivå der riving kan vere eit aktuelt alternativ.

Det fylgjer vassdragserstatning med garden, denne vert kompensert med kr 10 386,50 pr. år. Kompensasjonen er evigvarande og vert utbetalt frå E-CO Energi AS. Vassdragserstatninga vert regulert etter konsumprisindeks kvart 5. år. Fallretten kan også løysast inn, årleg erstatning vert då multiplisert med ein faktor 25. Verdien i taksten er sett til denne innløysingssummen.

Fylkeskommunen må søkje om konsesjon for ev. å overta Nyheim. Vi planlegg då å søkje om konsesjon som tilleggsjord slik at den kjøpte eigedomen vert ein del av SJH sin eigedom med gnr 12/18. På den måten vil ein ikkje få noko ny eigedom, men ei utviding av eksisterande jordbrukskule sin eigedom. Sjå vedlagt kartutsnitt Nyheim og SJH fylkesatlas.

Totalt sett vil dette bli ei betydeleg styrking av SJH dersom Nyheim kan verte ein del av den framtidige jordbrukskulen i Aurland.

#### Om andre areal – ev avståing av areal til barnehage

Samstundes med at eigar Anne Schei Nyheim tok kontakt med rektor ved SJH for sal av garden sin, så tok også Aurland kommune v/plansjef kontakt for ei synfaring med formannskapet. Formannskapet ville sjå på arealet mellom Aurland barne- og ungdomsskule og verkstaden til SJH for mogleg etablering av barnehage.

Aurland kommune har jobba med å finne ny plassering til barnehage i Aurland sidan 2014 då kommunestyret i sak 67/14 den 20.11.2014 vedtok oppstart av planarbeid for lokalisering av ny barnehage og høyring av planprogram. I planprosessen har dei vurdert fleire ulike alternative plasseringar. Asplan Viak AS har i den samanheng lagt fram ei utgreiing av dei ulike plasseringsalternativ. Konklusjonen deira er at den beste plasseringa syner seg å vere på det fylkeskommunale arealet mellom Aurland barne- og ungdomsskule og verkstaden til SJH.

Kommunestyret i Aurland vedtok i sak 39/17 den 18.05.2017 følgjande:

*Ny barnehage i Aurland blir lokalisert til alternativ B, område mellom Aurland barne- og ungdomsskule og verkstaden ved Sogn Jord- og hagebrukskule.*

*Kommunestyret ber administrasjonen om å sjå på gode løysingar og arealeffektivisering med tanke på parkering osv for å ta minst mogleg areal frå Sogn Jord- og hagebrukskule.  
Planområdet må omfatte tilgrensande kommunal eigedom knytt til ABU og Aurlandshallen slik at tilkomst og parkering knytt til barnehagen kan vurderast i ein heilskap.*

Det er innleia ein dialog med Aurland kommune om ei ev. avst  ing av areal til f  rem  let, jf vedlagt referat fr   m  te den 28.06.17.

Aurland kommune startar i desse dagar reguleringsprosessen for omregulering av arealet mellom Aurland barne- og ungdomsskule og verkstaden til SJH til offentleg f  rem  l  . Reguleringsplanprosessen er ansl  tt til    ta ca eit   r. Reguleringsplanen med endeleg plassering av barnehagebygget inne p   planomr  det vil syne kor mykje areal som til slutt vert omdisponert til barnehageform  l. Heile planomr  de er om lag 14 daa medan det er venta at areal til barnehage og parkering vil m  tte ha om lag 5-7 dekar

Det vil bli laga eiga sak til fylkesutvalet i h  ve sal av dette arealet n  r omfang og pris er n  rare avklara.

#### Samla vurdering

Dersom ein ser desse to sakene mot ein annan s   vil SJH samla sett f   netto tilf  rt om lag 13,6 dekar dyrka mark som vil vere ei bra erstatning for tapet av n  rliggjande areal som g  r til barnehageomr  det. Reelt sett vert likevel det totale arealet skulen i dag disponerer/dyrkar mindre pga. at ein i dag allereie leiger/paktar garden Nyheim.

Ein kan og sj   sakene mot kvarande   konomisk sett slik at eit sannsynleg framtidig sal av barnehageomr  de kan vere med    delfinansiere kj  pet av Nyheim og tilf  rt kapitalfondet.

### **3. Konklusjon**

Fylkesr  dmannen ser det som ei god og heilskapleg l  ysing for SJH at Nyheim vert ein del av den framtidige skulegarden og s  leis f  r styrkja driftsgrunnlaget sitt. Det er ogs   sv  rt sjeldan at situasjonar der ein f  r kj  pe areal p   denne m  ten oppst  r, og fylkeskommunen b  r nytte h  vet som no ligg f  r til    sikre seg arealet p   Nyheim.

Fylkesr  dmannen vil tilr   at det vert sett av 2,250 mill til dekking av kj  p, omkostningar og opprusting av v  nningshuset p   garden slik skildra i saka.

Fylkesr  dmannen tilr  r at fylkesutvalet/fylkestinget gjer vedtak i samsvar med dette.